

ÅRSMELDING

2021



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

1 .0 INNLEIING OG GENERELT

Covid-19

Etter nedstenging og restriksjonar frå 12. mars 2020 som følgje av koronapandemien, har vi i 2021 også vore gjennom eit svært spesielt og dels krevjande år for verksemda. Stadige regelendringar og dermed varierende nivå på restriksjonar i høve antallsbegrensning, avstandskrav, påmeldingar, registrering av kvar den enkelte besøkande har hatt fast sete i kyrkja, krav om munnbind, etc. i kyrkjene våre har prega også dette året.

I mindre grad enn i 2020 har det vore nedstenging og avlysingar av arrangement.

Personale

Det har vore ein god del endringar i personalsituasjonen i løpet av 2021.

Nikolai Sudenko var vikar i organiststillinga frå årets start og fram til midt i juni. Etter to månader med sommarvikar (Ingrid Nedrebø) sto organiststillinga vakant frå 15. august og ut heile året. Dette har ført til mykje meirarbeid for kyrkjeadministrasjonen med å skulle finne kyrkjemusikar frå gang til gang til gudstenester og gravferder, men ein har lukkast med å ha full bemanning på plass på nært alle arrangement gjennom året.

Kyrkjetenar i Vilnes kyrkje, Edvin Landøy, slutta i stillinga i sommar, og her har ein hatt ei velfungerande mellombels løysing sidan.

Thomas Roshan har fått ei fast 20% stilling som kyrkjegardsarbeidar, etter reduksjonar i andre kyrkjegardsarbeidarstillingar.

Økonomi

Soknet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 63.872,- i drifta, og det er udisponert kr 573.215,- i investeringsrekneskapen.

Investeringsprosjekt

Det har vore eit vesentleg høgare investeringsnivå i 2021 samanlikna med føregåande år, men lågare enn opphavleg planlagt ved budsjettvedtaket, noko som primært skuldast utsetjingar i delar av Vilnes-prosjekta. Samla investeringskostnad utgjorde kr 2.469.352,- i 2021.

Gjennomslag for musikkdiakonalt prosjekt

Ein lukkast i 2021 å få gjennomslag for å setje i gang eit musikkdiakonalt (musikkterapeutisk) prosjekt knytt til Askvollheimen. Prosjektet er støtta med kr 350.000,- av Bjørgvin bispedømme og Askvoll kommune, og soknet skal nytte ein 10% stillingsressurs av kantorstillinga i prosjektet.

2.0 ORGANISASJON

2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

Valde medlemmer

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Lillian Oddekalv Gjervik
Arnt Johny Langeland
Jarle Magnus Vilnes
Bjørn Arne Mjåseth
Ole Kistrup Vilnes
Terje Mork
Karen Anny Espedal
Solfrid Løvik Hellevang
1. vara Stine Solheim Rørvik
2. vara Ingvild Loftheim
3. vara Kari Larsen Stang
4. vara Stian Lykkebø

Kommunen sin representant

Kristin Yndestad Rivedal (i permisjon 1. februar til 31. oktober)
Aud Kari Steinsland (personleg vara)

Geistleg representant

Kjell Olav Høstaker Nordheim
Knut-Magne Nesse (personleg vara)

Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda


Rune Ziener

2.2 Kjønnsbalanse og likestilling i styrande organ

Soknerådet, som er det styrande organet er politisk valgt, og kjønnsamansetning (på minimum 40% representasjon skjer på vallistene. Det er imidlertid dei vala veljarane gjer som bestemmer den endelege kjønnsamansetjinga i rådet.

Det ligg ikkje føre begrensningar når det gjeld tilgang til eigne aktiviteter, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Slik er kjønnsfordelinga i soknerådet:



2.3 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2021 var det 5 soknerådsmøte, og det vart handsama 54 saker (både sokneråds- og fellesrådssaker i møta).

Soknemøte/årsmøte vart avhelde 30. mai med 13. møtande medlemmer.

2.4 Utval og komitéar

Administrasjonsutval

Jostein Gryte (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette
Rune Ziener (sekretær)

Forhandlingsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Kristin Rivedal Yndestad som varamedlem
Jostein Gryte (nestleiar) med Terje Mork som varamedlem
Rune Ziener (sekretær)

Arbeidsutval

Jostein Gryte (leiar)
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar)
Kjell Olav Høstaker Nordheim
Rune Ziener (sekretær)

Kyrkjelydsutval

Askvoll	Vilnes	Holmedal
Ingvild Loftheim	Lillian Oddekalv Gjervik	Terje Mork
Oddgeir Askevold	Gunn Elin Sætre	Kari Berit Ness
Dagny Søvig	Esther Hugøy	Jorunn Bull
Arne Tjugum	Oddgunn K. Grane	Maren Linnea Mork
Liv Hushagen		Karen Espedal
Aud Frøholm		Ellen Marie Tveit

Kvammen	Bulandet
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Torbjørn Øglænd	Tone Nybø
Sigrid Lunde	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

Trusopplæringsutval

Arnt Johny Langeland
Sigrid Lunde
Stine Solheim Rørvik
Karen Anny Espedal
Lillian Oddekalv Gjervik
Marit Veim Thistel
Guri Høstaker Nordheim (sekretær)

3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Tilsette i soknet pr. 31.12.2021

Funksjon	Årsverk 2021	Årsverk 2020	Årsverk 2019	Årsverk 2018	Årsverk 2017	Årsverk 2016
Kyrkjeleg administrasjon	1,5	1,5	1,8	1,8	1,8	1,7
Kyrkjer	0	0,7	0,7	0,7	0,7	1
Gravplassar	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	0,5	0,8	0	0	0	0,5
Sum fastlønn	<u>2,7</u>	<u>3,7</u>	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,2</u>	<u>3,9</u>
Timetilsette	Ca 1,0	Ca 1,0	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>3,7</u>	<u>4,7</u>	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>3,75</u>	<u>4,45</u>

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle heradsheimen), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2021 (2020-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekka avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjukefråver relatert til arbeidsmiljøet	0	-
Avviksmeldingar	0	-
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	-	-
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
Sjukefråversprosent		9,3% (10,66%)


Sjukefråveret var relativt høgt også i 2021, som i 2020, og den høge fåversprosenten er i stor grad knytt til langtids sjukmeldingar. Talet dagsverk med sjukmelding var 91,28.

Merknad til HMT-rapporten: I 2021 har ein ikkje klart å følge opp gjeldande HMT-plan for verksemda.

Kjønnsbalanse og likestilling

Det er ikkje iverksett særskilte tiltak for å jamne ut kjønnsamansetjinga i staben, då ein aldri har registrert noko problematisk i høve kjønnsamansetjinga.

Det ligg heller ikkje føre begrensninger når det gjeld tilgang styrande organ eller verv, som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod. Diagrammet under er basert på innrapportert lønns- og personalstatistikk til KA pr. 1. desember 2021.



4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal deltakarar					Tal deltakarar pr. gudsteneste									
	2021	2020	2019	2018	snitt	2021	2020	2019	2018	snitt	2021	2020	2019	2018	snitt
Askvoll	29	28	22	21	25	1154	1255	1672	1712	1448	40	45	80	82	61
Vilnes	13	13	14	11	13	389	393	738	623	536	30	30	67	57	46
Holmedal	18	13	15	14	15	840	427	915	700	721	47	33	65	50	49
Kvammen	14	16	12	11	13	597	439	737	743	629	43	27	67	68	51
Stongfj	1	1	2	1	1	15	18	75	40	37	15	18	75	40	37
Værlande	0	0	0	1	0	0	0	0	149	37	NA	NA	NA	149	149
Bulandet	14	12	11	12	12	463	412	723	580	545	33	34	60	48	44
Sum/snitt	89	83	76	71	80	3458	2944	4860	4547	3952	35	31	69	70	62

Inkludert i tal gudstenester er nattverdsgudstenester, dåpsgudstenester, skule- og barnehagegudstenester, og ikkje forordna gudstenester.

Det var 6 messefall i 2021.

Skulegudstenester:

I Askvoll og Kvammen var det skulegudsteneste til jul med til saman 90 deltakarar.

Andakter/nattverdsgudstenester på Askvollheimen:

Det har vore 44 andakter/musikkandakter konsertar på Askvollheimen med totalt 552 deltakarar. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

Nattverdsgjester (i gudstenestene):

	2021	2020	2019	2018	snitt
Askvoll	137	104	294	262	199
Vilnes	31	22	108	59	55
Holmedal	60	79	140	145	106
Kvammen	60	59	82	108	77
Stongfjorder	0	0	0	0	0
Værlandet	0	0	0	0	0
Bulandet	90	90	247	201	157
Snitt pr. år	378	354	871	775	595

4.1.2 Kyrkjelege handlingar

Kyrkje/kapell	Døpte					Konfirmerte				
	2021	2020	2019	2018	snitt	2021	2020	2019	2018	snitt
Askvoll	8	6	9	15	10	7	5	5	5	6
Vilnes	2	4	4	4	4	3	8	5	5	5
Holmedal	8	2	10	3	6	8	5	4	4	5
Kvammen	3	3	4	4	4	7	3	6	4	5
Stongfjorden	0	0	1	0	0	0	1	3	1	1
Værlandet	0	0	0	0	0	0	0	0	5	1
Bulandet	4	1	6	3	4	1	7	2	4	4
Sum	25	16	34	29	26	26	29	25	28	27

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde*				
	2021	2020	2019	2018	snitt	2021	2020	2019	2018	snitt
Askvoll	1	0	4	1	2	16	13	10	20	15
Vilnes	1	1	1	1	1	6	5	6	7	6
Holmedal	0	0	1	1	1	7	5	8	10	8
Kvammen	0	2	0	0	1	5	5	2	4	4
Stongfjorden	0	0	0	0	0	3	4	3	2	3
Værlandet	0	0	0	0	0	1	3	1	1	2
Bulandet	2	1	0	1	1	2	1	2	6	3
Sum	4	4	6	4	5	40	36	32	50	40

*Gjeld kyrkjeleg gravferdsseremoni eller bisetjing.

4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2021

Alder	Namn på tiltak	Tal samvær	Omfang i timar
0	Dåpssamtale/dåp	2	3
0-1	Babysong	16	32
2-3	Krøllesamling	1	1
4	Undringstime 4 år	1	1
4-6	Kirkerotteteater	1	1
4-6	Sprell levande hausttakkefest med utdelingar	1	1
6	Undringstime 6 år	1	1
7	Engleverkstad og lysmesse	2	2
10	Påskefest med påskevandring	1	2
15	Konfirmasjon	23	60
15	Z – etter konfirmasjonstida	0	0

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal i målgruppa	Deltaking i prosent
Dåpssamtale/dåp	18	21	86%
Babysang	6	36	17%
Krøllesamling	23	43	53%
Undringstime 4 år	7	22	32%
Kirkerotteteater	25	82	30%
Sprell levande	46	82	56%
Undringstime 6 år	16	33	48%
Engleverkstad og Lysmesse	13	28	46%
Påskefest med påskevandring*	0	34	0%
Konfirmasjon	23	25	92%
Z – etter konfirmasjonstida	1	25	4%

*Det var ikkje mogeleg å gjennomføre "Påskefest for alle" som gudsteneste, sidan det var omfattande restriksjonar i denne tida. Derimot vart ei påskevandring med lego-bilete og tekst frå påskeforteljinga hengt opp som plakatar langs ein tursti/veg, i alle dei 5 kyrkjekrinsane. Slik vart det mogeleg for familiar og andre å gå påskevandring. Det er difor vanskeleg å vise til oppslutnad frå 10 åringane, men vi fekk mange og gode tilbakemeldingar frå folk i dei fem kyrkjekrinsane.

4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte ingen kyrkjekonsertar i eigen regi i 2021 pga. restriksjonar og smittevernomsyn. Men det vart arrangert 2 kyrkjekonsertar til jul ved eksterne arrangørar den eine utan besøkande, då denne kun vart strømmen på nett.

4.4 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniuval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan. Imidlertid fekk ein gjennomslag for at ein i Askvoll sokn får tilskot frå bispedømmet og kommunen til å starte opp eit nytt musikkdiakonalt prosjekt knytt til Askvollheimen. Bispedømmet ser på dette prosjektet som nyskapande, og det ligg i skjeringspunktet mellom diakoni og kultur. I prosjektet nyttar ein ei 10% stillingsressurs for kontor. Prosjektet har oppstart i 2022.

4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 1.552,- fordelt på 6 gudstenester.

4.6 Profilering og kommunikasjon

Kyrkjeblad

I 2021 fekk ein berre gitt ut 2 nummer av kyrkjebladet for Askvoll (altså eit færre enn målet) pga. koronasituasjonen.

I tillegg vart det gitt ut ein enkel faldar påska 2021 med «Nytt frå kyrkja».

Finansiering av trykkinga skjer ved frivilleg bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2021 hadde ein eit overskot på kr 12.545,- for kyrkjebladet, og dette er sett av til bunde fond for kyrkjebladet.

Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert eigne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd.

Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 609 følgjarar (pr. mars 2022), opp frå 545 følgjarar frå året før.

5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

5.1 Investeringar

Avslutta prosjekt 2021	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2021	Planlagde, men ikkje igangsette prosjekt 2021
Klimaskalsikring Vilnes kyrkje	Tilbygg/brannsikring Vilnes kyrkje	Ingen
	Rehabilitering Holmedal kyrkje	
	Restorasjon av orgelet i Holmedal kyrkje	

Tilbygg ved Vilnes kyrkje og automatisk slokkeanlegg

Framleis held ein på med arbeidet med sprinkleranlegg og nytt servicebygg ved Vilnes kyrkje. Sjølve arbeidet med sprinkling og oppføringa av nytt servicebygg går etter planen, men ein har ikkje fått ein god plan på vassforsyninga og tankanlegg. Her ligg utfordringar med både klart kostnadsbilde og mogleg manglande finansiering. Anleggskostnaden utgjorde ca. 1,43 millionar i 2021.

Klimaskalsikring Vilnes kyrkje

Prosjektet med arbeid på tak og ytterveggar er ferdigstilt i 2021. Total kostnad her var på ca. 450.000,-, der om lag 2/3 er finansiert med tilskotsmidlar frå Riksantikvaren. Det er tilrådd frå entreprenøren at ein bør ta noko restarbeid på renner mv. neste åra, men dette er ikkje lagt inn i budsjett for 2022.

Rehabilitering av Holmedal kyrkje

I dette prosjektet har ein berre hatt prosjekteringskostnadar i 2021. Etter planen skal arbeidet (trinn 1) ta til våren 2022.

Restorasjon av kyrkjeorgelet i Holmedal kyrkje

I 2021 er det gjennomført tilbuds konkurranse, og ein har valt tilbydar og inngått kontrakt. Etter planen tek restaureringsarbeidet til i 2023, då valt orgelbyggjar har kapasitet.


6.0 ØKONOMI

6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2021 eit mindreforbruk på kr 63.872,-.

Nøkkeltal

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett	Rekneskap 2020
Driftsinntekter	5224090	5087500	4641618
Driftsutgifter	4939428	5062600	4685990
Brutto driftsresultat	<u>284662</u>	<u>24900</u>	<u>-44372</u>
Netto finansinntekter	2	100	460
Netto driftsresultat	<u>284663</u>	<u>25000</u>	<u>-43912</u>
Bruk av avsetninger	192726	309000	100438
Avsetninger	413517	334000	56526
Rekneskapsmessig meirforbruk	<u>63872</u>	<u>0</u>	<u>0</u>



Generell kommentar til rekneskapen:

Samla driftsinntekter i 2021 er kr 582.472,- høgare enn i 2020. Hovudårsaker til oppgangen er:


- Motteke tilskot frå bispedømmet på kr 300.000,- til musikkdiakonalt prosjekt
- Inntekter for festeavgift låg betydeleg høgare i 2021 enn i 2020. Auken var kr 108.750,- (opp 99,7%), og skuldast eit høgt tal festeutløp dette året som følgje av ekstra innsats med festeavtalar i 2014.
- Ein fekk også kr 105.045,- meir i tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkja enn i 2020.
- Bladpengar og annonseinntekter for kyrkjebladet tok seg også betydeleg opp i 2021 samanlikna med 2020. Her var auken på kr 46.807,-.

Samla driftsutgifter er opp kr 253.498,- frå 2020.

-Totalt til lønn og sosiale utgifter er auken på kr 242.971,- frå 2020. Av denne auken utgjør pensjonskostnader heile kr 224.501,- (opp frå kr 236.146,- i 2020 til heile 460.647,- i 2021.


- Når det gjeld vare- og tenestekjøp er det ein auke på kr 96.207,- for anna forbruksmateriell, varer og tenester i rekneskapskapittelet «kyrkjer» mykje av dette skuldast ekstra kjøp av musikartenester pga. vakansen i organiststillinga frå 15. august.

Totalt for vare- og tenestekjøp har det vore ein auke på kr 52.861,- frå 2020.




Pensjonsutgifter

Premien som er belasta i 2021 var kr 224.501,- h gre enn i 2020 og overf ring fr  premiefondet var kr 2.414,- l gare enn i 2020. Inkludert overf ringar fr  fondet var total pensjonskostnad kr 498.069,-.



Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter var kr 217.875,- i 2021, som er kr 108.750,- meir enn i 2020. Auken skuldast eit langt h gre tal festeutl p samanlikna med f rre  r.



Kommentar til kvar teneste

04100 – Kyrkjeleg administrasjon

Her var eit meirforbruk i forhold til budsjett p  kr 78.709,-. Her var eit meirforbruk p  pensjonskostnad p  kr 57.668,-.

04200 – Kyrkjer

Avvik p  tenesta med eit mindreforbruk p  kr 80.907,-.

Største avvika her er kr 63.949,- mindre brukt på lønn og sosiale utgifter enn budsjettert, hovudsakleg pga. vakanse i organiststillinga. På vedlikehald av bygg og anlegg er det brukt kr 38.604,- under budsjettet, og hovudforklaringa her er at ein ikkje fekk ferdig godkjenningssprosessen for ny faldedør til Kvammen i tide til kjøp i rekneskapsåret som planlagt.

04300 – Gravplassar

Eit lite mindreforbruk på tenesta på kr 17.800,-.

For utgifter til forbruksmateriell/råvarer/tenester (i hovudsak graving) er brukt kr 28.485,- mindre enn budsjettert.

04400 – Anna kyrkjeleg verksemd

Her var eit mindreforbruk på tenesta på kr 22.660,- overskotet her er sett til bunde fond for kyrkjelydsarbeid. Det er brukt kr 19.621,- mindre på forbruksmateriell/råvarer/tenester enn budsjettert, då ein ikkje fekk nytta midlar frå det særskilte covid 19-tilskotet frå rettssubjektet Den norske kyrkja som planlagt.

04420 – Trusopplæring

Teneste gjekk i balanse etter bruk av bunde fond til trusopplæring kr 192.426,-.

Dette var kr 77.574,- mindre enn budsjettert. Ein fekk kr 98.655,- meir i trusopplæringstilskot enn budsjettert. Nivået på utbetalinga her heng saman med utgifter til trusopplæringa rekneskapsåret før tildeling. Det er ingen større budsjettavvik på utgifter knytt til trusopplæringsaktiviteten.

04479 – Kyrkjeblad


I 2021 gjekk kyrkjebladet med eit overskot på kr 12.545,-, som er sett i bunde fond til kyrkjebladet. Ein fekk berre gitt ut to nummer av kyrkjebladet, og derfor er det eit mindreforbruk på kr 21.101,- i kostnad til trykking og utsending av bladet i forhold til budsjettert.

6.2 Investeringsrekneskapen

Samla investeringar soknet i 2021 var på kr 2.482.050,-.


Finansieringa av dette fordelast slik:

Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	Kr 482.021,-
Tilskot til investeringar	Kr 2.100.000,-
Overført frå drift	Kr 12.698,-
Bruk av avsetningar	Kr 460.546,-
<i>Sum finansiering</i>	<i>Kr 3.055.265,-</i>
<i>Udekkja/udisponert</i>	<i>-573.215</i>



Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.


Investeringar 2019-2021




6.3 Balanserekneskapen

	2021	2020	Endring
Bunde fond driftsfond	1 965 186	1 967 953	-2 767
Disposisjonsfond	10 349	10 349	0
Ubunde investeringsfond	1 183 686	1 183 686	0
Bunde investeringsfond	0	249 686	-249 686
Rekneskapsmessig meir- /mindreforbruk	63 872	0	63 872
Unytta i investeringsrekneskapen	573 215	0	573 215
Total	3 796 308	3 411 674	384 634


Gjennom rekneskapsåret 2021 har det vore ein auke i summen av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på kr 384.634 .



Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12.



Bunde fond (fellesrådsmidlar) pr. 31.12.



7.0 FRAMBLIKK 2022-

- **Koronapandemien**
 - *vonlig vil ein frå 2022 vere ferdig med pandemien og særskilte utfordringar for verksemda knytt til denne*
- **Kyrkje og gudstenesteliv**
 - *arbeide målretta for å fylle kyrkjene (t.d. med «Kyrkjedagane»)*
 - *arbeide for eit rikt og variert gudstenesteliv og øvrig kyrkjeliv*
- **Trusopplæring**
 - *iverksetje fleire av tiltaka i vedteken plan etter at samfunnet har åpna opp*
- **Nytt musikkdiakonalt prosjekt**
 - *etablere prosjektplan, oppfylle og vidareutvikle denne*
- **Vedlikehalds- og investeringsprosjekt**
 - *auke gjennomføringsgrad og -hastighet*
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
 - *visjonsformuleringar og målstyring*
 - *fokus på planarbeid, særleg for diakoni og kyrkjemusikk*
- **Gravplassforvaltning**
 - *arbeide vidare for å komme meir ajour med festeavtalar*
 - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald*
- **Tilsette og HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
 - *implementere HMT-systemet*
 - *halde fram med gjennomgang av stillingsinstruksar*
 - *satse på kompetanse- og personalutvikling*
 - *implementere samordningsavtale med bispedømmerådet om HMT-arbeidet*

31.03.2022

Rune Ziener